

## Salig på jorda eller i himmelen?

Kamp om rett lære i kystmiljø på 1600- og 1700-talet

Kva betydde arbeidsvandringar og kontakt med Holland i tidleg nytid for den folkelege religiøse kulturen på Agder? Folkeveksten og næringsutviklinga på Agder sette egdene i kontakt med samtidige tankar og idear på kontinentet. Og dei farande egdene tok med seg nye religiøse trendar frå utlandet. Men i kva grad påverka mobilitet, handelsaktivitet, sjøfart og arbeidsreiser tankar om tru, konfesjon og religiøse lærespørsmål?

Eg er i starten av eit forskingsprosjekt der eg ønskjer å sjå nærare på kva det betydde for egdene å ha ein utstrakt kontakt med omverda på slutten av 1600- og starten av 1700-talet. Ulike typer kjelder kan vere relevante og innehalde materiale som kan forklare korleis religiøs påverknad gjekk føre seg i landsdelen i den fasen eg ønsker å omhandle. Religiøse og kulturelle særtrekk kan kome til uttrykk både i rettsmateriale, topografisk materiale, biografiar og administrative kjelder som journalar og rapportar frå embetsverk og statlege styringsorgan. Men eg har i denne omgang avgrensa bruken av kjelder etter religiøs omforming på Agder til protokollar frå ein institusjon som hadde som si primære oppgåve å sørge for rett levesett og rett lære hjå prestar og tenarar i den offisielle kyrkja. Forhandlingsprotokollane til Stavanger domkapittel inneheld mange skilsmisedomar, men også saker som handlar om konflikhtar mellom prestar og kyrkjelyd og andre kyrkjeleg tilsette.

Fleire av sakene som kom opp for domkapitlet, handla om rett embetsførsel og kyrkjelege lærespørsmål. Eg vil sjå nærare på kva type religiøse saker som var til handsaming i domkapitlet, og om dei formidlar oppfatninga av kyrkja si lære og religiøs utforming lokalt. Enkelte saker tyder på at det skjedde noko med trusoppfatning og religiøs lære på Agder i siste halvdel av 1600-talet, og at desse endringane var knytt til handelskontaktar og oversjøiske arbeidsvandringar.<sup>1</sup> Domkapittelprotokollane frå 1570 til 1750 er valt som kjelde for å sjå kva denne type saker fortel om religiøs forståing og religiøs samhandling. I denne artikkelen skal eg bare ta fram ei spesiell sak som er referert til i domkapittelprotokollen frå åra 1664–1684.<sup>2</sup> Saka startar på det lokale bygdetinget og endar i Overhoffretten, men i mellomtida er ho oppe for domkapitlet, som kallar inn mange vitne frå eit lite lokalmiljø i vestre Vest-Agder. Vitna fortel detaljert om kva som hadde skjedd...

### Slåsskamp i hagen

Bernt og fleire andre karar sat i Kristen Sørensens hage og drakk. Då såg dei presten, herr Peder fare forbi, på veg ned til sjøbua. Men ikkje lenge etter kom han springande heimover

att. Like bak presten kom Didrik Meyer. Han var ein tur innom hagen, men fór fort vidare. Kristen høysta etter han, og Didrik snudde seg og spurde om det var han han ropte etter. Så gjekk alt så fort, at Bernt ikkje visste ordet av det før Didrik og Kristen var i slåsskamp. Slag, hårdrag og skjellsord hagla, men kva dei eigentleg krangla om, det kunne ikkje Bernt heilt gjere greie for i rettslokalet ei tid seinare. – Til det hadde han vore for full, sa han.<sup>3</sup>

Bernt var bare eitt av mange vitne til slåsskampen og krangelen mellom dei to kvindølane i ein hage ved sjøbuene på Øye, Liknes i Kvinesdal på slutten av 1660-talet. Og i følge vitna var dette slett ikkje einaste gongen dei to handelsmennene i Kvinesdal slost. Men kvifor slost dei? Tidlegare hadde Kristen Sørensen Godzen og Didrik Meyer vore gode kompanjongar og farta som handelsmenn utanlands. No fauk dei i tottane på kvarandre.

Saka kom for retten, først for det lokale tinget, seinare for ein kyrkjeleg domstol. Striden stod om pengar, men også om tru. Dei fjorten første vitna (fire av dei var kvinner) fortalde korleis Didrik og Kristen ved fleire høve hadde barka i saman og skulda kvarandre for pengesnusk, men også for å ta feil i ”salighedssager”. Dei hadde kalla kvarandre fornærmande ord som ”skjelm” og ”gudsbespotter”. Den eine presten i bygda, Peder Sørensen Godzen, hadde prøvd å springe frå slagsmålet og drikkelaget i hagen, men han kunne ikkje røme frå at han var sterkt involvert i striden som bror til Kristen og husvert for Didrik. Kornelius smed, som følgde Didrik heim til husveret hjå presten etter slagsmålet, fortalde at herr Peder då var einig i at i denne striden hadde broren hans tapt ære.<sup>4</sup>

Men kva handla krangelen mellom kjøpmennene eigentleg om? Ære, æve eller ærlege oppgjer? Sidan seminartittelen er ”Egden og dei ti bud” skal eg prøve å halde meg til eitt av bodorda, og i dette tilfellet det fyrste: Du skal ikkje ha andre gudar enn meg. Eg vil bruke striden i Kvinesdal frå 1660- og 70-åra for å sjå på ei tidleg fase av egdene sin kamp om den rette lære. Saka inneheld alt frå slagsmål og pengesnusk til salmebøker og nattverd lære.

### **Krangel om pengar, eller krangel om tru?**

Handelsmann Kristen Sørensen Godzen budde på Øvre Øye i Kvinesdal. Kompanjongen Didrik Meyer (døyppt Erik Torkildsen) var opphavleg frå Mandal, men budde mykje i Kvinesdal i 1660- og 70-åra, når han ikkje var i Holland. Han var leigebugar hjå presten, herr Peder og kona hans, Maren. Dei to kjøpmennene åtte ei skute saman, og fór på handelsferder med trelast til Holland. På returen tok dei med tobakk, vin og krydder. I samband med eit tolloppgjer kom dei i pengekrangel. Didrik meinte at han hadde ein større pengesum, vel 450 riksdalar (tilsvarande verdien av 3-4 store gardar), til gode hjå Kristen. Då han ikkje fekk pengane han meinte å ha krav på, trekte han Kristen for retten. Men mens saka var oppe på det lokale tinget, kom Kristen fram med andre, heilt nye og alvorlege skuldingar mot Didrik. Pengespørsmålet vart lagt til sides. Kristen skulda Didrik for å ha innført og selt litteratur i strid med den augsburgske konfesjon og kongelege statutt. Det var ei ny og alvorleg skulding som skapte heilomvending i saka. No vart det Didrik som var ille ute, og som måtte møte, både for domkapittel og overhoffrett.<sup>5</sup>

På kort tid gjekk saka frå å vere ein krangel om pengar, til å bli ein krangel om rett lære. Kristen skulda Didrik for feil tru, og for feil religiøs livsførsel. Klagane mot han vart spesifisert i fleire punkt. Mest alvorleg var det at Didrik hadde innført fleire dusin salmebøker

på dansk som inneheldt den reformerte trusvedkjenninga, for sal i lokalmiljøet i Kvinesdal. Bøkene var trykte i Amsterdam, og dei dansk-norske kyrkjelærde meinte dei inneheldt vranglære. For det andre hadde Didrik tala nedsetjande om ein luthersk professor i Wittenberg. Han hadde dessutan endra namnet sitt i Holland og dermed forneakta sin heilage dåp, og i løpet av dei fire siste åra hadde han bare vore to gonger til altars. Anklagarane meinte at han var verre enn ein "mammelukk" (muslimsk soldat), av di han så ofte endra kyrkjetilhørighet. Like ille var det at Didrik faktisk forfekta det som stod på trykk i bøkene han innførte til landet. Gjennom fleire diskusjonar i nærmiljøet heldt Didrik fast på sentrale tema i den reformerte kyrkjelæra, og han protesterte både på nattverdlæra og frelseslæra til den lokale lutherske kyrkja.

Resultatet vart at domkapitlet våren 1672 dømde Didrik til "Kongens nåde og unåde" og inndrog alt godset hans. Overhoffretten mildna domen mykje året etter. Dei fann ikkje prov for at han medvite hadde handla mot den lutherske læra. Denne rettsinstansen opprettheldt inndraging av boka han ville selje, men gav han elles bare 10 riksdalar i bot.<sup>6</sup> Saka mellom Didrik og Kristen starta med tollsvik, men hovudfokuset vart altså snudd til kjetteri. Rettsreferata syner at dei to tidlegare kompanjongane tok ut alt i rettsapparatet. Didrik kravde fullt økonomisk oppgjær frå Kristen og kalla kjettaranklagane mot han for ei bisak. Kristen brukte alle midlar han hadde for å unngå at det økonomiske skuldspørsmålet skulle bli hovudsak, slik Didrik meinte det var. Kristen nekta å uttale seg om tolloppgjæret i domkapitlet fordi han meinte spørsmålet hørte heime i verdsleg rett. Kristen meinte at det heller ikkje burde vere noko domfelling i den økonomiske tvisten før kjettarsaka var dømnd i domkapitlet. Slik prøvde Kristen å snu pengespørsmålet til å bli eit religionsspørsmål, medan Didrik heldt fast på at tolloppgjæret var hovudsaka, og kjettaranklagane ei avsporing.<sup>7</sup> Og til sist vart dei populære salmebøkene sjølv hovudsaka. Det var forbode å innføre reformerte salmebøker til Norge, og handelsmannen som hadde henta dei heim frå Holland blei stilt for retten fordi han hadde tatt med seg slik vranglære inn i landet.

### Kranglete eller "kristelege" egder?

I løpet av rettssaka kom det fram at Didrik og Kristen hadde krangla om predestinasjonslæra fleire gonger. Hadde Gud valt ut nokre menneske til evig frelse og andre til fortaping, eller galdt lovnaden om evig herlegdom i Paulus brev til Timoteus alle menneske som trudde på frelsa i Kristus Jesus? Var det skilnad på å vere "salig" og å vere "frelst"? Og var Jesus lekamleg til stades i nattverden?

Diskusjonar om nattverd - og predestinasjonslære er ikkje ukjend i religiøse miljø i Norge – og slett ikkje på Agder – men på slutten av 1600-talet veit vi ikkje om så mange tilfelle der vanlege folk var så opptekne av lærespørsmål, eller hadde så mykje kunnskap om slike problemstillingar, at dei tok i bruk både latinske, greske, tyske og danske bibelomsetjingar for å løyse saka. Individbasert kristentru der omvendingsterminologi og spørsmål om frelsesvisse er sentrale problemstillingar reknar ein med blei vanleg først seinare på 1700- og ut over 1800-talet. Men kva var då grunnen til at desse to karane frå Kvinesdal og eit heilt bygdemiljø rundt dei var så engasjert i bibelord og frelsesforståing alt i 1670-åra? Var dette ein ordinær 1600-talsdiskusjon i området? Var det alt då vanleg at

lekfolk diskuterte dei same tema som teologane gjorde? For å kome nærare eit svar på det spørsmålet finn eg det nærliggjande å spørje etter kva tid talen om synd og nåde og frelsesvisse eigentleg kom til Agder? Når blei egden "kristeleg"?

Tidleg nytid er prega av ortodoksi og pietisme. Ortodoksien la vekt på at den enkelte innbyggjar si oppgåve var å fremje Guds ære og samtidig innordne seg statleg orden. I det etterreformatoriske 1600-talet var eliten opptatt av religiøs fromhet i den forstand at konge og kyrkjemakt fokuserte på Kristus som leid for menneska si skuld. Men autoriteten var udiskutabel. Omvending og bot var meir retoriske omgrep, meir læresetningar enn personleg praksis. Etter kvart overtok meir pietistiske tankar som overordna religiøse straumdrag. Pietistisk fromhet la meir vekt på inderleghet og på personlege oppgjer, på ransaking av individuelt samvet. Konsentrasjon om eigen person, kjensler og tankeliv, og ransaking av eige samvit bygde vidare på ortodoksiens fromhet, men rokka ved det sterke autoritetsbegrepet som Guds ære og statens orden hadde skapt. Pietismen opna for kritikk av fasttømra sanningar, og for ein meir generell autoritetskritikk. Uttrykket "ein sann kristen" vart brukt om personar som ikkje bare innretta seg i praksis etter den rette læra, men som også tok eit oppgjer med sin eigen personlegdom og sine eigne handlingar. Ytre orden og struktur blei bare rammer rundt livet til den "sanne kristne", som i følge pietismen hadde tileigna seg sann tru ved personleg omvending og ransaking. Noko skjematisk kan ein seie at den ortodokse kristendomsoppfatninga prega 1600-talet, medan den pietistiske prega 1700-tal. Den såkalla "Syvstjernen", eit fellesskap av sju prestar på Nordvestlandet, var eit utslag av at pietistiske reformtankar overtok for den ortodokse botstanken tidleg på 1700-tal. Men desse brytningane møtte teologane og lesekyndige interesserte menneske alt i siste halvdel av 1600-talet, som t.d. via bøkene til den tyske teologen Philip Spener. Den dansk norske staten utvikla også ein pietistisk statsorden dei første tiåra på 1700-talet.<sup>8</sup> Den folkelege religiøsiteten er vanskelegare å få fatt på. Reformasjonen var ikkje resultat av noko grasrotrørsle, derfor tok det lang tid før vanlege innbyggjarar gav slepp på katolske tankar, bønneformular, helgendyrking osv. Kyrkja var eit samfunnsorganisert fellesskap og det er vanskeleg å vite korleis dette fellesskapet fungerte utover det reint organisatoriske, og i kor stor grad vanlege menn og kvinner i kyrkjelyden var opptatt av reine lærespørsmål. Det er vanleg å tenkje at allmogen, vanlege innbyggjarar, først tilegina seg dei nye religiøse tankane når det kom prestar som la dei fram på ein overtydande måte for lokalmiljøet.

Då Hans Nilsen Hauge kom til Agder heilt på slutten av 1700-talet (1798), meinte han at det var bare hjå folk på Listalandet han fann noko åndeleg interesse.<sup>9</sup> Og grunnen til denne interessa på Lista kan vere at både dette området og dalstroka innanfor opplevde omfattande vekkingar knytt til brødrevenene i 1740- og 1750-åra. Men kan det hende at den åndelege interessa og utviklinga mot pietisme og "sann kristentru" faktisk tok til før? Og at 1800-talets haugianarar, vekkingrørsler, "lesarar", ytre- og indremisjonsforeiningar osb. bygde vidare på lokale tradisjonar?

### Mangfaldig miljø

Nye næringar, flytting innanfor og over landegrenser, kunnskapsvekst, tekniske nyvinningar, radikale samfunnsidear og vitskaplege utprøvingar møtte 1600-talsegden, som levde i eit

mangfaldig miljø. Samstundes som samfunnet dømde folk for trolldom og brende kvinner på bål fordi dei oppfatta dei som hekser, henta vanlege arbeidsfolk eller naboane deira heim sterke inntrykk frå eit pulserande storbyliv der religiøst mangfald, politiske flyktningar og økonomisk engasjement i andre verdsdelar prega kvardagen.<sup>10</sup>

Mange av dei religiøse påverknadene som egdene fekk på 1600- og tidleg 1700-tal skuldast omfattande oversjøiske kontaktar. Mange vanlege arbeidsfolk kom i kontakt med nye og heilt andre miljø når dei farta som tenestefolk, sjøfolk og handelsfolk over landegrenser og kulturelle og religiøse skillelinjer. Denne omfattande arbeidsvandringa og næringsaktiviteten kan ha lagt eit grunnlag for interessa for religiøse lærespørsmål, vekkingrørsler, nye tankeretningar og personleg engasjement. Alt dette kan ha gitt ringverknader framover i tid.

Nyskapande, radikal religiøs og økonomisk påverknad kan over tid smelte saman med leveform og samfunnsorganisering. Ei omvendingsretta tru der fokus låg på det personleg tileigna gudstilhøve fekk sterkt fotfeste i landsdelen på 1800- og 1900-tal.<sup>11</sup> Men kjennskap til andre konfesjonar og religiøse miljø på 1600- og 1700-tal kan ha skapt grobott for ein slik sterk individbasert religiøs aktivitet.

Egden levde i spenningsfeltet mellom sterke og tradisjonsbundne familiehierarki, ei ekspansiv statsmakt, økonomisk utvikling og internasjonal nærkontakt. Nye idear måtte brytast med etablerte normer. Dette kan ha skapt miljø som var mottakelege for nye vekkingbølgjer. Men slike miljø kan i neste omgang ha ført til konsolidering og etablering av strenge normer, lågkyrkjeleg bedehuskultur og patriarkalske og konservative familiemiljø på 1800- og 1900-talet. Den religiøse kulturarven kan derfor på lang sikt ha ført til økonomisk og kulturell stagnasjon. Kombinasjonen av internasjonalt kontaktnett og etablering av maktposisjonar kan ha ført til at dette miljøet fungerte meir som museumsvaktarar enn som verdiskaparar og innovatørar på seinare tidspunkt. Det vil i så tilfelle vere dei etablerte religiøse maktmiljøa som har påverka regionen meir enn ei eventuell genuin religiøs interesse.

Fekk den sterke religiøse tradisjonen så omfattande innpass på Agder nettopp fordi denne regionen var økonomisk innovativ og hadde meir kontakt med omverda enkelte periodar enn andre regionar i landet? Eller er det andre regionale særtrekk som har vore avgjerande? I denne samanhengen meiner eg det er viktig å sjå på samspelet mellom religion og region.

### **Pengane eller "livet"?**

Ville Didrik fått forbod mot å selje salmebøkene om han ikkje hadde stemna Kristen for pengejuks? Saka mellom Didrik og Kristen var i utgangspunktet ei økonomisk konflikt. Sidan Kristen skulda Didrik eit stort beløp, kan det ha vore ein bevisst strategi frå Kristen si side å få snudd gjeldssaka til å bli eit spørsmål om kjetteri og vranglære. Var kampen om rett lære bare ei hemn? Vart religionen brukt som eit skalkeskjul for økonomiske interesser? Eller hang desse områda naturleg saman på denne tida? Var dei religiøse konfliktane like nærliggjande og reelle som dei økonomiske? I saka mellom Didrik og Kristen har økonomiske interesser vore innvevd og pågått parallelt med den store interessa for salmebøker, religiøs litteratur og diskusjon om trusspørsmål.

Og kva hadde skjedd med religiøse diskusjonar i lokalmiljøet dersom Didrik og Kristen ikkje hadde kome i krangel om pengar? Hadde kjettaranklagane og den reformerte læra blitt problematisert i rettsapparatet då? Hadde styresmaktene sett ein stoppar for spreidinga av denne litteraturen, eller hadde Didrik i ro og mak kunna handla heim fleire dusin salmebøker? Då hadde kanskje innbyggjarane i vestre Vest-Agder sunge dei danskspråklege reformerte salmane utan å tenkje over konfesjonsgrensene i lang tid framover? Kjeldematerialet viser at det i alle fall ikkje var salmebøkene og den kalvinske læra som utløyste rettssaka. Alt tyder på at trusspørsmål og diskusjonar rundt lærespørsmål var noko nabolaget i Kvinesdal var kjent med også før "salmebokstriden" vart ført for retten og sentral i konflikten mellom Didrik og Kristen.

### **Salmebok med bismak**

Salmeboka som låg i vindaugskarmen til Maren Villumsdatter Gordon i Kvinesdal sist i 1660-åra, må ha vore ettertrakta i lokalmiljøet. For då svoger og handelsmann Kristen kom inn i stoga til Maren og såg salmeboka, spurde han med ein gong om å få henne. Maren hadde fått salmeboka av Didrik sist han kom heim frå Holland, og ho ville nødig kvitte seg med henne. Men då Didrik lova å skaffe henne ei ny neste gong han var på reise, bestilte Kristen like godt to dusin til seg. Han meinte det skulle gå greitt å få selt nye salmebøker i området for ein dalar stykket. For, som han sa, tidlegare hadde han fått selt alle salmebøkene sine til folk frå dei indre bygdene, til "fielmdend".<sup>12</sup>

Salmebokeigar Maren var gift med soknepresten. Herr Peder fortalde i retten at han visste om salmeboka som kona hadde hatt liggjande i vindaugskarmen, men hevda at han sjølv aldri hadde lese i boka. Han hadde bare konstatert at ho låg der i karmen.<sup>13</sup>

At salmebøker har vore populære på Sørlandet og i vestre del av Vest-Agder, er ikkje noko nytt. Men, som rettsreferat viser, var denne salmeboka som vart seld i dusinvis til fjellbøndene i Kvinesdal i 1660-åra, ikkje den dansk-norske lutherske kyrkja si salmebok. Ho var riktig nok på dansk, trykt i Amsterdam tre år tidlegare. Men sjølv om Luthers eigne salmetekstar var representert i boka, inneheldt ho den reformerte kyrkja sitt salmeutval. Bakerst i boka stod endåtil den reformerte kyrkjas si truedkjønning. Og det var det at ho formidla den reformerte, kalvinske læra som førte til dei alvorlege skuldingane mot Didrik.

Reformerte salmebøker var forbudt, og handelsmannen som hadde henta dei heim frå Holland, blei stilt for retten fordi han hadde brakt slik vranglære inn i landet. Men salmebokstriden peiker på mange uløyste spørsmål. Det at Didrik og Kristen såg for seg at dei kunne selje dusinvis med reformerte salmebøker i bygda, er interessant av fleire grunner, ikkje minst med tanke på lesekunna. Kunne dei lese, alle potensielle kjøparar av desse salmebøkene? Var innbyggjarane i Kvinesdal interesserte i denne type litteratur fordi dei hadde sterke åndelege interesser? Eller gav det status blant fjellbønder og andre å eige bøker, anten dei kunne lese, eller ikkje? Betydde det i det heile tatt nok at dette var reformerte salmebøker? Var det ein eigen mystikk knytta til skrifter frå annan konfesjon? Eller var det rett og slett ei religiøs vekking som gjorde salmebøkene som Didrik hadde med seg, så populære i Kvinesdal-området rundt 1670? Var det bare Didriks personlege engasjement som skapte interesse for denne litteraturen i Kvinesdal, eller var religiøse brytningar vanleg mellom folk, også når dei ikkje hamna i rettsapparatet på grunn av økonomiske oppgjer?

### "Calvinske griller"

Kven er rett skikka til å gå til nattverd? Og er nokre menneske forutbestemt til evig herlegdom? Nattverdslære og predestinasjon har vore aktuelle diskusjonstema i lågkyrkjeleg miljø i generasjonar. Diskusjonen har kanskje stilna på Agder, i takt med pluralisering og ei meir avslappa haldning til ulike konfesjonar og religiøs livsførsel. Men på eit eller anna tidspunkt tok han til. Og saka mellom Didrik og Kristen syner at temaet vart hissig diskutert i Kvinesdal i 1660-åra.

Marte Tormodsdatter var ei av mange vitne i retten. Ho fortalde at ho heilt uforvarande var komen forbi staden der Kristen og Didrik slost, og hadde høyrtd koss dei skulda kvarandre og utveksla ukvemsord. Valborg Jensdatter Gullestad dreiv vertshus og handel og kunne på si side fortelje at det hadde vore fleire liknande episodar. Ho hadde også prøvd å tale dei til rette.<sup>14</sup> Eit anna vitne, Didrik Jensen, hadde to gonger høyrtd på diskusjonane mellom Didrik Meyer og Kristen Sørensen. Begge gongene handla det både om trua og tolloppgjeret, men mest detaljert skildra han trusdiskusjonen: "Da foferschtede Diderich Meyer endelæren at ingen bleff salig med mindre hand var Udvald til himmerig, ..." <sup>15</sup> Han fortalte vidare om usemja om nattverdlære, og at Didrik Meyer hadde framført "fleere Calvinske griller". Desse "grillene" hadde Didrik Meyer hevda ut frå ei kalvinsk bok han åtte. Didrik Jensen hadde då reist heim for å hente ei av sine bøker, forfatta av ein luthersk professor i Wittenberg. Ho var "... schreffen mod de Calvinister". Men argumenta prella av på Didrik Meyer som hadde kalt boka "calaminant", dvs. ei ulykke, og forfattaren for å framstille andre i eit dårleg lys, altså ein "Blammerer".<sup>16</sup>

Bernt Pedersen var nabo, drikkebror og svoger til Kristen. Han hadde vore til stades ved fleire av diskusjonane, også under slagsmålet i hageselskapet. Men Bernt hadde også vore i Holland i lag med Didrik. Han fortalde at då dei hadde vore saman i Amsterdam eit par år tidlegare (rundt 1668) hadde Didrik gått til nattverd hjå ein kalvinvenleg predikant. Etter nattverdgangen skulle han ha sagt til Bernt at "dievelen fare i mig, før ieg gaar til alters hos een norsk prest igien".<sup>17</sup>

I domkapitlet kom det fram at Didrik hevda standpunkta sine i ulike samanhengar. Han synte ofte til bibelvers om predestinasjonslære og som argument for at Kristus ikkje var til stades i nattverden.<sup>18</sup> Kristen fortalde i retten at han ofte hadde diskutert religion med Didrik og andre gode venner, og at Didrik da hadde sagt at Kristus ikkje var til stades i alterets sakrament, og at ingen kom til himmelriket utan dei utvalde.<sup>19</sup> Bibelversa dei diskuterte mest, var henta frå Joh. 6.65: "...ingen kan koma til meg utan at det er gjeve han av Faderen" og vers 70: "...har eg ikkje valt dykk ut...?" og frå 1.Tim. 2.4: "Han som vil at alle menneske skal verta frelste og læra sanninga å kjenne..."

Soknepresten gjorde det han kunne for å unngå å bli involvert i diskusjonane og verka meir venleg stemt mot Didrik enn broren. Kanskje såg han ikkje på dei hollandske skriftene og ideane som noko framandt og sjeldan og farleg. Under rettsmøta sa han i alle fall ikkje noko som forverra situasjonen for Didrik. Han meinte at sidan eit av skrifta var på latin, og det kunne ein ulærd mann som Didrik ikkje lese, så kunne boka heller ikkje vere så farleg for lokalmiljøet. Soknepresten la ikkje større vinn på desse diskusjonane, men Didrik diskuterte med mange, og ikkje minst kapellannen Herr Peder Hieronymus Skytte. Var Jesus lekamleg til stades i nattverden? Hadde Gud valt ut nokre menneske til evig frelse,

dvs. salighet, og andre til fortaping, eller galdt lovnaden om evig herlegdom alle menneske som trudde på frelsa i Kristus Jesus? Kapellanen måtte vedgå at han hadde diskutert desse temaene med Didrik mange gonger, og at Didrik hadde vore så oppøst at han slo av sinne. Kapellanen måtte fortelje retten meir om desse samtalande. Særleg hissig hadde Didrik vore når han hevda at det var skilnad på å vere "frelst" og å vere "salig", fortalde han. Didrik ville ikkje gå med på at det stod i Bibelen at alle menneske skulle bli salige, altså ha del i evig herlegdom. Kapellanen hadde då funne fram både ein dansk og ein tysk bibel for å vise at det stod slik. Men Didrik hadde halde fast på at det stod ikkje "salig", men "frelst" og meint at frelse ikkje var det same som evig herlegdom, og at det dermed var skilnad på lovnaden til dei utvalte, predestinerte, og andre truande/ frelste. Då hadde kapellanen funne fram eit gresk nytestamente for å vise at det stod "salig" der.

Didrik spurte om ikkje kapellanen hugsa at han hadde sagt at det beste var å bli i den "enfoldighed som er i Kristus" og ta "fornuften til fange under troens lydelse". Kapellanen vedgjekk orda sine og heldt fast på at "den simple tro er den beste". Didrik var då raskt ute med å seie at dersom det var slik at han ikkje har forstått sin egen "saligheds sag", kvifor hadde då ikkje anklagarane hans heller undervist han? Dei kunne ha gitt han opplæring i den "rette tru" i staden for å trekke han for retten og stemne han for kjetteri.<sup>20</sup>

Dette var eit viktig argument som prestane i bygda tok til seg. Dei var svært forsiktige med å dømme Didrik, og ville ikkje kritisere han for anna enn at han hadde selt salmebøker med reformert lære. At han også åtte eit latinsk, reformert skrift av same forfattar, den dansk-norske predikanten Kristian Abel, ville dei ikkje dømme han for. Prestane var einige om at Didrik trass alt ikkje kunne forstå vranglære på latin.<sup>21</sup>

Frå midten av 1600-talet til midten av 1700-talet skjedde det mykje med kyrkjelivet sentralt her i landet, som også måtte slå ut og merkast på kyrkjeliv lokalt. Det var eit hundreår som spente frå heksebrenning til fornuft og rasjonalisme, frå trollfolk til vitskapsfolk. Både den lutherske statsreligionen og den statlege styringsmakta konsoliderte seg. Det skjedde endringar i forkynninga, og i skilje mellom lek og lærd. Det allmenne kunnskapsnivået blei høgare. Skuleplikt og konfirmasjon vart innført. Fleire las bøker. Kyrkja blei sterkare og meir kontrollerande. Det ga seg utslag m.a. i statspietismen og konventikkelpakat på 1730- og 40-talet. Ein av dei måtane den religiøse forkynninga endra fokus på i løpet av 1600-talet, var at prestane preikte meir om at det vonde og gode fantes i kvart enkelt menneske, og at alle måtte ta eit oppgjær med sitt eige indre<sup>22</sup>. Teologien la dermed meir vekt på at synda budde i kvar enkelt. Ein trong ikkje lenger leite etter kollektive syndebukkar. Denne teologiske vektlegginga kan vere ein av grunnane til at det vart slutt på trolldomssakene. Trua blei individualisert. Kvart enkelt menneske måtte ta stilling til si eiga, personlege omvendning frå det vonde til det gode, frå syndar til frelst. Denne omvendingsterminologien er vel kjent frå seinare tid, men var det også allmenne religiøse tankar vest på Agder i siste halvdel av 1600-talet?

### **Idear frå Amsterdam?**

Kontakten mellom Agder og Holland var omfattande på 1600- og 1700-talet. Sjøfolk, tenestejenter, handelsfolk og arbeidsvandrarar av ulike slag reiste fram og tilbake over Nordsjøen. Også religiøse flyktningar strøymde til Amsterdam frå ulike kantar av Europa.

Kalvinsk kristendomsforståing, reformert teologi og herrnhutarar/brødremenigheter breidde om seg i Europa frå slutten av 1600- og fram mot midten av 1700-talet og mange vanlege norske menn og kvinner fekk innblikk i ny religiøs litteratur og diskusjonstema på tvers av konfesjonsgrensene når dei var på oversjøiske handelsreiser og tenestereiser. Ikkje minst galdt det dei arbeidsvandrane egdene, som fekk ein heilt anna, direkte kontakt med framande miljø enn dei som bare hadde handelskontakt, og meir indirekte kontakt med desse miljøa.

Vi kan sjølvstøt spørje kor representativt miljøet i Kvinesdal og inst i Fedafjorden var i si eiga samtid. Men regionen dei tilhøyrde, Agder og delar av Rogaland, omfatta eit stort miljø med handelsfolk og arbeidsfolk som på denne tida hadde tett kontakt med europeisk storbyliv – økonomisk og kulturelt. Dei omfattande arbeidsvandringane utanlands var spesielle for landsdelen og førte med seg kulturpåverknader som andre delar av landet ikkje opplevde så tidleg. Både prestar, handelsfolk og arbeidsvandarar kom i kontakt med meir moderne og rasjonelle miljø i denne perioden. Nye vitskapar var i emning, og læra om og interessa for ny viten greip om seg, både i universitetsmiljø og norske sjø- og fjellbygder. Rasjonelle idear konkurrerte med eldre førestillingar.

### **Pakkhusmenigheten**

Ei av skuldingane mot Didrik var at han framsto som luthersk i Norge og kalvinsk i Holland. Og handelskollegane hans kunne i retten fortelje at han under det lange opphaldet sitt i Amsterdam, frå 1662 – 68, hadde vore klokkar i ein dansk-norske kyrkjelyd i byen. Den hadde i starten vore luthersk, men gjekk etter få år over til den reformerte læra. Kyrkjelyden gjekk under namnet "Pakkhusmenigheten" og var eit folkeleg, kanskje også "lågkyrkjeleg" og meir "karismatisk" alternativ til den dansk-norske offisielle kyrkja. Som klokkar hadde Didrik samarbeidd med den dansk-norske predikanten Kristian Pedersen Abel. Den same Abel stod som utgjevar av den danskspråklege reformerte salmeboka og det latinske skriftet Didrik hadde med seg til Kvinesdal.

I fleire år på 1660-talet samla Abel hundrevis av nordmenn og danskar på eit pakkhusloft i Amsterdam to gonger kvar søndag for å høyre preiker på morsmålet.<sup>23</sup> Det var naturleg for Didrik og sambygdingane hans å gå dit når dei var i byen. Kristian Pedersen Abel vart rekna for ein spirituell predikant. Men i Kvinesdal var det nokre som meinte han var ein "Sjelemordar".<sup>24</sup>

Abel var fødd i Danmark, men hadde vore nokre år i Noreg før han reiste til Holland. Kyrkjelyden hans - pakkhusmenigheten - blei i ei samtidig kjelde omtala som eit miljø "bestående av kun simple folk".<sup>25</sup> Bakaren Jens Bertelsen eller Jan Bartels, som han heitte på hollandsk, leigde pakkhusloftet saman med den dansk-norske predikanten. Bakar Bertelsen var forstandar, og predikant Abel ein karismatisk forkynnar. Det kan hende at norske menn og kvinner som hadde arbeidsvandra hit fann seg betre til rette mellom likesinna arbeidsfolk på pakkhusloftet enn i den nye, offisielle hollandsk-lutherske kyrkja i byen. Og det kan også vere at forkynninga var meir liketil og folkeleg på pakkhusloftet enn i det offisielle gudshuset. Mykje tyder på at pakkhuskyrkjelyden alt tidleg var inspirert og prega av det reformerte kyrkjelivet som dominerte byen. Dei var truleg òg meir positive til kalvinistane enn den lutherske kyrkja elles var.

Konsistoriet, dvs. kyrkjestyret, i Amsterdam, hadde lenge vore på utkikk etter dansktalande prestar, for, som dei sa: "Hundrede og atter hundrede danske og norske" var i ein vanskeleg situasjon fordi dei lutherske prestane i byen ikkje visste om dei var skikka til å gå til nattverd.<sup>26</sup> Og dei såg at språket gjorde det vanskeleg for den etablerte kyrkja å drive sjelesorg overfor denne gruppa innflyttarar. For ein arbeidsvandrar var det eit reelt problem dersom han eller ho vart nekta nattverd. Jamleg nattverdgang var eit prov på at ein hørde heime som respektert borgar i eit lokalmiljø. Manglande nattverdgang var suspekt.

Ei hollandsk byskildring frå 1663 omtalar både den etablerte lutherske kyrkjelyden og den noko meir spesielle pakkhusmenigheten til Abel og venene hans: "Nylig har en viss dansk predikant (leeraer) oppkastet seg fra denne menigheten (-altså den hollandsk-lutherske) og har begynt å holde prekener i dette språk, hvilket har lyktes så godt for ham at han har lokket til seg en stor tilhengerskare av danske( - det vil også seie norske), som det er fullt av i denne byen, og siden da har han preket to ganger om søndagene".<sup>27</sup> I ei tysk skildring av byen i 1664, vart det fortalt at dei dansk(norsk)talande kyrkjegjengarane møttest til gudsteneste på pakkhusloftet like ved brua over gamle Skanse. Og Kristian Abel preikte alle søndagar.<sup>28</sup>

### **Smeltedigel**

Det var eit mangfaldig og mangespråkleg storbymiljø som møtte Didrik, Kristen, Bernt og dei andre egdene når dei kom til Amsterdam. Byen var ikkje bare ein etnisk og økonomisk smeltedigel på 1600-talet, han var også ein by med stor religiøs aktivitet. Amsterdam var ein god stad å røme til. Comenius var ein av dei som enda der etter å ha flykta gjennom Europa. Han var filosof og pedagog og skreiv mykje, mellom anna ei bok om det kristne livet som han kalla "Verdsens labyrint og hjartans paradis". Ho handlar om "Vandraren" og alt han møter av spørsmål og problemstillingar i verda. Denne boka liknar mykje på den litt seinare så populære "Pilegrims vandring". Desse bøkene frå 1600-talet har i sin tur vore til inspirasjon for 1800-talets kristendomsforkynning, for Rosenius og pietistisk vekkingslitteratur.

Religiøse flyktningar som kom til Amsterdam, blei ofte verande der. Byen var prega av det strenge kalvinske livssynet med nøye kontroll og disiplin, men hadde også rom for mykje tankeutveksling og idémangfald. Nøktern livsførsel, kontroll over enkeltindivid, høg arbeidsmoral, personleg trusinnhald og mysterietanken knytt til nattverden høyrer til reformert, calvinsk lære, men også til andre konfesjonar og lågkyrkjelege retningar. Mange av desse trekka er det lett å finne igjen i samtidas andre religiøse ytringsformer, men også i seinare religiøse retningar, samfunn og organisasjonar – slik vi kjenner dei frå Agder. Pakkhusmenigheten i Amsterdam fekk ikkje noko langt liv. Men det folkelege preget og diskusjonane rundt ulike lærespørsmål kan alt i samtida ha blitt overført til, og prega det religiøse livet i ulike lokalmiljø på Agder.

### **Oversjøiske overføringer i arbeidsvandrarregionen**

Historia til Didrik Meyer fortel oss at spørsmåla om frelsesvisse, nattverdlære, rett konfesjon og personleg overtyding også høyrde til blant menig mann og kvinne på 1600-talet. På

same tid som troldomsanklagene pågjekk i landsdelen, deltok handelsfolk, prestar og vanlege kyrkjegjengarar på Agder i religiøse diskusjonar som vi finn parallellar til i Europa elles. Diskusjonen i Kvinesdal i 1660- og 70-åra var langt på veg den same som blei ført i Amsterdam kort tid i førevegen. Rettssaker og krangel i bygdemiljøet hadde ein lokal grunn i eit økonomisk oppgjer, men var samtidig nær knytt til samtidig teologisk debatt og internasjonalt religiøst tankeliv. Internasjonalt samkvem og europeisk tidsånd prega definitivt Agder i siste halvdel av 1600-tallet. Allment engasjement i spørsmål om frelse og evig herlegdom, reformerte kyrkjeordningar og pietistiske idear kan ha vore vanleg og omdiskutert lenge før lågkyrkjelege ordningar og pietistisk moral for alvor vart etablert i regionen.

Vart religiøse miljø på Agder seinare så strenge og "kristelege" fordi denne arbeidsvandarregionen hadde hatt meir og tettare kontakt med tilsvarande oversjøiske miljø enn andre delar av landet? Den omfattande utvandringa og, ikkje minst, arbeidsvandringa til Amsterdam og Holland prega landsdelen sterkare enn det den generelle, og meir landsomfattande handelskontakten gjorde.

Salmebøkene som Didrik tok heim til Kvinesdal, førte til ei farleg rettssak. Spørsmålet er om saka til Didrik er ei særhending? Ei problemstilling eg håper den vidare undersøkinga mi kan seie meir om. Funn av tilsvarande saker kan avkrefte eller godtgjere om konfliktane mellom Didrik og miljøet rundt han var meir typisk for 1600-tals-egdene enn vi tidligare har visst om.

Saka til Didrik og Kristen synest å innehalde meir enn bare ressurskonfliktar og hemnaspekt. Mykje tyder difor på at einskildmenneske på Agder hadde "åndeleg interesse" og var opptatt av religiøse tema i samtida. Då den tidlegare klokkaren, Abel-venen og handelsmannen Didrik etablerte seg i Norge att etter fleire år i Holland, fekk han snart eit stort kontaktnett i lokalmiljøet i vestre Vest-Agder, både fordi han henta heim etterspurde varer frå Holland, men også fordi han kunne lese og forstå hollandske brev og dokument.<sup>29</sup> Når han vart bodsendt for å lese slike hollandske skriv, eller kom for å handle med folk i uthamner og fjordarmar, var det gode høve til å diskutere religiøse lærespørsmål.

Skal vi kunne seie noko om kva religion har hatt å seie for den økonomiske og kulturelle utviklinga i regionen, meiner eg vi må gå minst tilbake til Didrik og nabolaget hans i Kvinesdal, og undersøkje meir kva det betyr at dei hadde kontakt med eit dynamisk, mangfaldig og internasjonalt religiøst miljø på 1600- og tidleg 1700-tal. Det er nærliggjande å tenkje at det som startar som alternative, opposisjonelle religiøse og politiske protestrørsler, kan stivne og bli lukka, konservative, stengte og innadvendte når det har gått ei tid og maktposisjonar skal beskyttast. Det er også nærliggjande å tenkje at lokale religiøse miljø har vore ulike alt etter yrkesrelasjonar, slektstilhøve og mobilitet.

Den sterke haugerørsla og foreiningsframveksten på 1800-talet kan få oss til å tru at kritiske spørsmål og diskusjon rundt religiøse emne var noko nytt som kom først på 1800-tallet. 1600-talet blir ofte framstilt som den perioden då ættesamfunnet måtte vike for ei kontrollerande og disiplinerte sentralmakt.<sup>30</sup> Men Agder var ikkje bare eit valdeleg og heksebreiende miljø i tidleg moderne tid. Det "kristelege" Agder utvikla seg i takt med økonomi og mobilitet og arbeidsvandring. Oversjøisk kyrkjeliv og lærdomssentra påverka det religiøse livet i landsdelen lenge før katekismeforklaringa til Pontoppidan,

omvendingsterminologien til haugevenene, foreningsentusiastane og dei hallelujafrelste amerikafararar vi kjenner får seinare tid.

## NOTER

<sup>1</sup> Margit Løyland 2003. Skriftlege kjelder til forståing av religion og kyrkjeliv i lokalmiljø før 1800. I: *Alt mellom himmel og jord. Religion, prest og kirke i lokalsamfunnet*, red. Hans Hosar, 2003. NLI, s. 75-95

<sup>2</sup> Kjeldene er i hovudsak trykte domkapittelprotokollar frå perioden 1571 til 1630 (protokoll 1) og uttrykt, men til dels digitalisert (protokoll 2) og mikrofilma (protokoll 3 og 4) kjeldemateriale frå 1664 til 1726 og originalmateriale frå 1734 og til om lag 1750 (del av protokoll 5). Domkapittelprotokollane er valde for at eg skal sjå kva denne type saker fortel om religiøs forståing i samtida. Ved å starte før år 1600 kan eg sjå kva saker som er oppe for midten av hundreåret, og dermed lettare vurdere om saker om trus- og tankeliv endrar karakter seinare.

<sup>3</sup> "thi hand var meget drucken"...SAK, Stavanger domkapittel, protokoll 2 1664 -1684, s. 119b. Sjå også nettversjonen på Digitalarkivet: <http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesbok&bokid=krdomkap>

<sup>4</sup> op.cit., s. 120a

<sup>5</sup> Kjeldene til denne striden er stort sett rettsmateriale, referat frå Stavanger domkapittel, men også bygdeting og overhoffrett. Fleire har skrive om saka tidlegare, sjå m.a. Ludvig Daae 1894, *En Krønike om Kvinesdal*, Christiania, s. 25ff., Per Seland 1975, Didrik Meyer i Kvinesdal, *Agder Historielags Årsskrift* nr. 53, s. 107ff. og Margit Løyland. 1999. *Fjord-folk. Fedas historie*, Kvinesdal, s. 207-211

<sup>6</sup> Nygard, Mons Sandnes. (Utg.) 1981. *Overhoffrettsdomar 1*, 1667 – 1679. Oslo, s. 244ff

<sup>7</sup> SAK, Stavanger domkapittel, protokoll 3, s. 122b. Sjå også nettversjonen, Digitalarkivet.

<sup>8</sup> Amundsen, Arne Bugge. (Red.). 2005. *Norges religionshistorie*, Oslo, s. 244

<sup>9</sup> Berge Furre. 2000. Hans Nielsen Hauge – Kva slags opprør? I: *Agderkirken. Artikler fra høskolens sommerseminar i historie, Lillesand 2000*, red. Hilde Inntjore, Skriftserien nr. 83, Høgskolen i Agder, Kristiansand 2002, s. 60

<sup>10</sup> Margit Løyland 2003. Skriftlege kjelder til forståing av religion og kyrkjeliv i lokalmiljø før 1800. *Alt mellom himmel og jord. Religion, prest og kirke i lokalsamfunnet*, red. Hans Hosar, NLI, s. 75-95

<sup>11</sup> Individbasert tru var ikkje noko nytt, men til forskjell frå t.d. i middelalderen då einskildindiv. var meir opptekne av fromhet og fromme handlingar, vart menneska i løpet av einevaldstida meir fokusert på personleg omvending.

<sup>12</sup> Stavanger domkapittel, protokoll 2, s.124b

<sup>13</sup> op.cit.

<sup>14</sup> op.cit., s.121. Valborg i Faret var først gift med ein rik tobakk- og brennevinshandlar, Torjus Andersen Gullestad, seinare med hollandsk skipper Cornelius.

<sup>15</sup> op.cit., s. 121.

<sup>16</sup> op.cit., s. 121.

<sup>17</sup> Stavanger domkapittel, protokoll 2, s. 120a

<sup>18</sup> Ulikt nattverdssyn er eit sentralt skilje mellom lutheranarar og kalvinistar – og katolikkar. Katolikane på den eine sida, meiner at brødet og vinen blir forvandla slik at Kristus er reelt til stades under nattverden. Difor tar dei vare på brød og vin som blir til overs etter nattverdhandlinga. På den andre sida ser Calvin og dei reformerte kyrkjene såg på nattverden som ei rein symbolhandling. Luther inntok i si tid eit både-og-standpunkt, og hevda at Kristus var til stades i nattverden, men at det også var ei symbolsk felleskapshandling.

<sup>19</sup> Stavanger domkapittel, protokoll 2, s. 119

<sup>20</sup> op.cit., s. 125

<sup>21</sup> op.cit., s. 124a. Bøkene til Didrik var nye, trykt bare tre og seks år tidlegare i Amsterdam.

<sup>22</sup> Jens Chr. Johansen, 1990, *Da djævelen var ute. Trolldom i det 17. århundres Danmark*, Odense

<sup>23</sup> Olfert Dappert. 1663. *Historische Beschryving der Stadt Amsterdam*, s. 401

<sup>24</sup> Stavanger Domkapittel, protokoll 2, s. 116b

<sup>25</sup> L.J. Moltesens. 1893. *Fredrik Brekling. Et bidrag til pietismens udviklings historie* Kbh., s. 68 ff.

<sup>26</sup> Op.cit., s. 69

<sup>27</sup> Dappert, op.cit., s.401

<sup>28</sup> Philip von Zesen. 1664. *Beschreibung der Stadt Amsterdam* von Zesen

Takk til Tor E. Røssaak, Bergen, som har gitt meg tilvising til dei ovanståande byskildringane og informasjon om kyrkje-lyden i Amsterdam. Informasjon han har kome over i arbeidet sitt med å kartlegge norske studentar i utlandet.

<sup>29</sup> SAK, Lister tingbok 1668, se også Løyland. 1999, op.cit., s. 210

<sup>30</sup> Løyland, Margit. 1992. *Slagsmål, leiermål og botlagte egder*, Tingbokprosjektet